



Peder Sjo Slettebø spela under konfirmasjonsgudstenesta i 2012.

Fredag 8.september kl.18 er det klart for ein ny temakveld med professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde i Uskedal kyrkje. Som alltid vert føredraga og samtalanane på desse temakveldane ramma inn av musikkinnslag. Musikkinnslaga denne kvelden vert ved Peder Sjo Slettebø på kyrkjeorgel. Han har også fått med seg Lina Håland slik at det vert vakker song i tillegg.

Peder Sjo Slettebø er ein allsidig og evnerik kar. Han viste også tidleg musikalske evner, og alt som svært ung vart han brukt som organistvikar under gudstenester. Han har også tidlegare traktert orgelet i Uskedal kyrkje. Under konfirmasjonsgudstenesta 29.april 2012 var det nemleg han som sytte for orgelmusikken. Underteikna var ein av ein heil kyrkjelyd som let seg imponera. De kan lesa om kva Ola Matti Mathisen skreiv om det [HER](#).

Sjølv om Sjo Slettebø har nokre timar i musikkskule, er han å rekna som autodidakt. Han starta spelninga på eit trøorgel heime på Halsnøy. Tidlegare vart han altså brukt ein god del som organistvikar i kyrkjene. Som ordfører vert det naturleg nok mindre tid til dette, men han har framleis stor glede av trøorgelet han har heime. Som organist hadde han og ei sentral rolle i den økumeniske gudstenesta som nyleg var i Eid kyrkje. Til temakvelden i Uskedal kyrkje har han også fått med seg sokneprest Lina Håland som skal bidra vakker song.

Temakveldane i Uskedal kyrkje dei siste åra har nærast vore for blinkskot å rekna. Det vert nok ein ny toppkveld 8.september. Vi gler oss stort til å møta både Jørn Øyrehagen Sunde, Peder Sjo Slettebø, Lina Håland og eit stort publikum som deltar i den gode samtalen.

Vi kjem tilbake med meir om temakvelden seinare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen